



Statsråden

Stortinget

Familie- og kulturkomiteen

0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/1171-

24. april 2023

## **Dokument 8:168 S (2022-2023) - Representantforslag frå stortingsrepresentantane Grete Wold, Kathy Lie, Mona Fagerås og Andreas Sjalg Unneland om krisesentertilbudet for kvinner i aktiv rus**

Eg viser til brev frå familie- og kulturkomiteen om krisesentertilbudet til kvinner i aktiv rus. Eg har også henta inn innspel frå Helse- og omsorgsdepartementet i vurderinga av nokre av forslaga.

### **1. Stortinget ber regjeringa fremme forslag om endringer i krisesenterlova, der kommunenes ansvar for krisesentertilbudet for utsatte grupper tydeliggjøres.**

Krisesenterlova gjev kommunane plikt til å sørge for eit gratis krisesentertilbod til valdsutsette kvinner, menn og barn. Dette gjeld også kvinner med rusproblem. Kommunane skal også, så langt som mogleg, sørge for eit individuelt tilrettelagt tilbod. Departementet er likevel kjent med at tilbodet til kvinner med rusproblem ikkje er tilstrekkeleg. Departementet er i gang med ein gjennomgang av krisesentertilbudet og drøftar endringar i lova for å sjå på korleis vi kan auke kvaliteten i tilbodet. Krisesentertilbudet til personar i aktiv rus er ein del av dette arbeidet. Det har vore eit innspelsmøte om temaet der mellom anna interesseorganisasjonar vart inviterte. Departementet vil etter planen sende ut eit høyringsnotat med forslag til endringar i lova i løpet av hausten 2023.

### **2. Stortinget ber regjeringa utføre en helhetlig kartlegging av andelen rusavhengige som er voldsutsatte, og behovet for krisesenter for personer i aktiv rus.**

Det finst ikkje nokon heilskapleg kartlegging av delen rusavhengige som er utsette for vald, men ei kartlegging gjort av krisesenteret for rusavhengige kvinner i Oslo, Thereses hus, viste at over 90 prosent av kvinnene i rusmiljøet var utsette for vald. Ein studie frå Sverige fann at over halvparten av kvinnene i rusbehandling hadde blitt utsett for vald i nære relasjonar, og at ei av tre hadde blitt utsett for så grov vald at dei trengte innlegging på sjukehus. Vidare

viste ei kartlegging av partnardrap i Noreg i 1990-2012 at opp mot 40 prosent av offera for partnardrap hadde rusproblem.

Sjølv om vi ikkje har førekomststudiar av omfanget av vald og overgrep blant personar med rusmiddelidingar i Noreg, så ligg det føre nok kunnskap til å slå fast at det er behov for eit krisesentertilbud for både kvinner og menn i aktiv rus.

### **3. Stortinget ber regjeringen legge frem forslag om hvordan samhandlingen mellom krisesentrene og det øvrige tjenestetilbudet kan forbedres, spesielt med sikte på tilbud om skadereduserende tiltak for personer i aktiv rus.**

Krisesenterlova § 4 første ledd gjev kommunane plikt til å sørge for at krisesentertilbudet samarbeider med andre delar av tenesteapparatet dersom det er nødvendig for å gi brukaren eit heilskapleg og samordna tenestetilbud. Føresegna trådte i kraft 1. august 2022 og Utdanningsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet og Helsedirektoratet har utarbeida ein rettleiar som utdjupar krav til samarbeid mellom tenesteytarar i dei ulike sektorane samt foreslår korleis kommunen kan vareta sitt samordningsansvar. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) sin faglege rettleiar for det kommunale krisesentertilbudet legg vekt på forpliktande samarbeidsavtaler mellom krisesentera og andre tenester. Rettleiaren skildrar korleis samarbeidet og samhandlinga bør gå føre seg på tenestenivå, samt rutinar for samarbeid i enkeltsaker. Dei som oppheld seg på krisesenter kan få helsetenester, f.eks. legemiddelassistert rehabilitering, dersom dei oppfyller kriteria for det. Organisering og samhandling på rusmiddel- og avhengnadsfeltet vil vere tema i regjeringa si førebyggings- og behandlingsreform.

### **4. Stortinget ber regjeringen, i samarbeid med fagmiljøet, utarbeide nasjonale retningslinjer og kvalitetskrav for krisesentertilbud for personer i aktiv rus.**

Krisesentera er eit kommunalt ansvar og det er krisesenterlova og tilhøyrande forskrift som set rammene for kva krisesentertilbudet skal innehalde, og korleis det skal innrettast. Kommunane står fritt til å organisere sitt tilbud slik dei ynskjer det, så lenge det er i tråd med lova. Bufdir sin faglege rettleiar for det kommunale krisesentertilbudet skildrar korleis kommunane bør innrette sitt krisesentertilbud for å gje eit forsvarleg tilbud til alle valdsutsette, uansett kva dei har av tilleggsutfordringar. Tilbudet til personar med rusutfordringar er omtalt i rettleiaren og tilrådingane er basert på innspel frå fagmiljøa.

### **5. Stortinget ber regjeringen sørge for at det finnes en oppdatert oversikt over hvilke krisesentre som tar imot personer i aktiv rus.**

Krisesenterstatistikken som er utarbeidd av Sentio på oppdrag frå Bufdir, viser at 12 krisesenter har tilbud om opphald til personar med kjent rusproblematikk, mens 27 krisesenter svarer at dei vurderer i kvart enkelt tilfelle. Fire krisesenter svarar at dei ikkje gjev eit tilbud til personar med kjent rusproblematikk. Det er med andre ord få krisesenter som svarer at dei ikkje tar imot personar i aktiv rus i det heile teke. Gjennom krisesenterstatistikken er det mogleg å ha ei oversikt over kva for nokre krisesenter som tar

imot personar i aktiv rus. Departementet vil be direktoratet vurdere om det er hensiktsmessig å publisere oversikten saman med krisesenterstatistikken.

**6. Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en plan for hvordan flere kommuner kan inkluderes i TryggEST-prosjektet, slik at helsepersonell i primærhelsetjenesten får opplæring i å avdekke personer i aktiv rus som er voldsutsatte.**

TryggEst er utvikla for å hjelpe kommunane til å vareta sine mest risikoutsette vaksne innbyggjarar. Modellen inneheld forslag til korleis ein kommune kan organisere arbeidet. Alle kommunar kan ta i bruk TryggEst. Bufdir forvaltar på vegne av Kultur- og likestillingsdepartementet tilskotsordninga «Tilskudd til tiltak for kompetanseheving mot vold mot risikoutsatte vaksne» der kommunar kan søkje midlar for kompetansehevande tiltak. Tiltaka kan rette seg mot TryggEst koordinator og team i kommunen, tilsette i aktuelle kommunale tenester, og personar som er i målgruppene for TryggEst, f.eks. personar i aktiv rus.

Dei regionale ressurscentra om vald, traumatisk stress og sjølvmondsforebygging (RVTS) har fått i oppgåve å informere kommunar om TryggEst-modellen, og å bidra til kompetanseheving av kommunale tenester i kommunar som har TryggEst. Dei kommunale TryggEst-teama har ansvar for å behandle bekymringsmeldingar som kjem inn, men óg for kompetansehevande tiltak i kommunen.

**7. Stortinget ber regjeringen oppdatere veilederen til krisesenterlova slik at den tydeligere omhandler krisesentertilbudet til utsatte grupper.**

Som nemnt over, tilrår Bufdir i sin rettleiar om krisesentertilbudet korleis kommunane bør organisere tilbodet til valdsutsette med særleg behov for tilrettelegging og oppfølging. Dette omfattar også særleg utsette grupper som valdsutsette i aktiv rus. Det kjem fram at kommunane skal sørgje for individuell tilrettelegging, innan ordinært eller tilsvarande krisesentertilbod. Rettleiaren skildrar korleis kommunen kan etablere eit tilrettelagt krisesentertilbod og gjev konkrete eksempel på ulike modellar. Tilrettelegging av lokale, samarbeidsrutinar og kompetanse er sentrale element.

Departementet arbeider no med forslag til endringar i lova. Når lova er endra, vil det vere aktuelt å oppdatere rettleiaren.

Med helsing



Kjersti Toppe